Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 — Fylke: Vestfold

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Borre

Emne: Lauving — Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid — Gard:

(adresse): — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Olav Tufte, 82 år, bonde på Tufte

SVAR

Ludvig Sem, f. 1887 på Hegsbekk, bonde på Vik sidan 1927. Før den tid annre staðer i bygda. Namnet har han på Sem i Borre

L. S. har vore med og lauva sjøl. Det var sauir og hestar som fekk lauv, hesten fekk eit kjerv som nattfôr. Folar fekk eit kjerv for natta så dei skulle ha noko å gjera og ikkje leggja seg til uvanar som å bita i båsane.

Etter O. T.:

A.

1. Det vert ikkje lauva nå i Borre, og har heller ikkje vorte serleg mykje brukt i hans tid. Men etter det han har høyrt, var det mykje brukt før.
Det var ikkje nett naudfôr heller; det var godt å ha litt lauv liggjande.
2. O. T. trur at det helst var etter slåtten dei lauva. Det han la mest merke til var at dei tok osp til hestane og ask til kyrne.
Det heitir å laue, lauing.
3. O. T. kjenner ikkje til kva reidskap dei brukte. Askelauvet trur han dei braut av. Kanhende har dei brukt råsarigð eller vanleg sigð på småris

9669
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9669

Rispelauv kjenner han ikkje.

4. Dei tok lauv av tre som dei hogg ned langs gjerde og bekker. Men kylling er og velkjent, serleg av ask, men O.T. kjenner ikkje nærare til korleis dei gjekk fram ved kylling. Dei trea som var kylte, vart kalla askekallar.

5. O.T. kjenner bare kjervelauv. Dei vart tørka ute langs med gardane eller inne på hjellar. Dei låg då der til bruken.

Sers rekneméte eller laje ved kjerving ukjent.

6. Dei bar eller kjøste kjerva inn alt etter som det høvde best i kvart tilfelle.

Lauvdugnad ukjent.

7. Dei tok mest lauv i innmarka langs gjerde og bekker.

Kjenner ikkje til om det var noko sers skilje mellom mannfolk og kvinnfolk under arbeidet, men reknar med at mannfolka brukte økse.

8. Lauvet låg på hjellar.

Kua fekk askelauv, men O.T. kjenner ikkje mengda. Osp var svært bra for hesten; det var eit godt middel mot „Sjö" d: at tannkjøtet vaks ned over tennene. Ospelauvet var vanleg brukt som nattfôr.

9. O.T. kjenner igrunnen bare til ask og osp, og begge var gode til sitt bruk (Sjå 8).

10. Ukjent. Alm vart nytta til bast.

11-15. Ukjent.

B

Ei gammal kone nedved Borrevatnet rana saman daulauv i ein sekk til kua. Ho fekk seg høymó kring på gardane og blanda med lauvet i sörpa.

9669

9669

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING